

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 22.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	15.11.10	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Anne Karin Buene, Per Dale, Olav Grønsberg, Bente Steine.
(Osvald Turlid hadde forfall).

**Vara-
medlemar** Ingen

Andre Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
30/10, 31/10, 32/10, 33/10, 34/10.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.11.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 30/10. Referat og meldingar

- 1) Møtebok fjellstyremøte 8.6.10
- 2) Statskog SF: Utbetaling av tilskot til fjellstyra si oppsynsordning for 2010 – resultat av klage
- 3) Statskog SF: Rundskriv om fjellstyra sin rekneskap
- 4) Skilting for Hallingskarvet nasjonalpark ved store Vargevatnet, stenging av køyrespor.
- 5) Tilskot til transport i samband med fiskedagar for skuleklassar
- 6) EI-sjekk på hytta i Brubotn – kostnadsoverslag m.m.
- 7) Hjortejakta i Nordheimsdalen
- 8) Landsmøtet i Norges fjellstyresamband 10.-11. juni
- 9) Restaurering av hytta ved saga i Nordheimsdalen. Håkon Øydvin orienterte om arbeidet så langt.
- 10) Ny bru over Fjellsgrovi i Nordheimsdalen: Det er søkt Fylkesmannen om løyve til å byggja opp att bru over Fjellstgrovi, framom hytta i Brendelid.
- 11) Fjellstyret har teke i bruk nye konvoluttar og brevark, med ny logo.
- 12) Neste møte i fjellstyret vert onsdag 15. desember, på Holo.

Aurland, den 16.11.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.11.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 31/10. Reinsjakta 2010 – oppsummering

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret tek opplysningane om reinsjakta 2010 til vitande. Det vart føreteke trekning av fellingsløyve for simle/ungdyr + kalv for jakta i 2011 mellom dei 6 som har skote "skrapdyr" under dei fastsette vektgrensene.

Vinnaren av denne trekninga vart **Terje Terum**.

Sak 32/10. Tilbod om kjøp av påhengsmotor m.m.

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre aksepterer tilbodet frå Aurland Næringsutvikling AS om å overta båtmotor og sikringsutstyr for kr. 7.500 inkl. mva.

Sak 33/10. Oppsynsbudsjettet for 2011

Saksutgreiing med framlegg til budsjett låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret godkjenner eit oppsynsbudsjett for 2011 med 1900 arbeidstimar og med ein kostnad på kr. 706.400. Budsjettskjema vert underskrive og sendt til Statskog SF slik det ligg føre.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.11.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 34/10. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2011 – 2014

Saksutgreiing med framlegg til forvaltingsplan låg føre.

Nokre rettingar av skrivefeil og mindre justeringar av teksten vart gjort i møtet.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret legg utkastet til forvaltingsplan for Aurland statsallmenning for 2011-2014 ut til høyring, med følgjande endringar/tillegg:

- Overvaking av tilstanden i fiskevatna (side 17): Fjellstyret skal setja i verk tiltak for å få betra fangstrapporteringa frå sportsfisket.
- Punktet om jaktlag øvst på side 20 vert stånde, men det vert teke med som eit alternativ i høyringsutkastet at det vert vurdert å fjerna ordninga med jaktlag. Fjellstyret skal sjekka med DN kva spelerom ein har innanfor jaktlagsordninga; m.a. om det kan setjast vilkår om at jegeren som eig kortet må vera med til fjells når kortet vert brukt, og om evt. blanding av statsallmenningskort og privatkort i jaktlaget fell innanfor ordninga.
- Punktet på side 20 om høvet innanbygdsbuande jegerar har til å jakta med fellingsløyve dei har skaffa seg i nabokommunane får følgjande ordlyd:
"Fjellstyret opnar for at innanbygdsbuande jegerar kan jakta i Aurland statsallmenning med fellingsløyve dei har skaffa seg i andre vald i Nordfjella på følgjande vilkår:
 - o *Inntil to fellingsløyve pr. jeger.*
 - o *Fjellstyret, i samråd med grunneigarlaget, kan krevja ei avgift pr. overført kort som avspeglar meirverdien tilgang til jaktområdet gjev, og i tillegg dekkjer kostnaden med administrasjon av ordninga."*
- Avsnittet nedst på side 21 om brøyting av anleggsvegane vert stroke.
- Tilgjenge til fiske- og småviltjaktkort (side 23): Det skal leggjast til rette for SMS-sal av fiskekort gjennom *inatur*.

